

Samarbeidsavtale for Sunnhordlandsrådet interkommunalt politisk råd (Sunnhordlandsrådet IPR)

§ 1. Namn og organisasjonsform

Namn på bedrifa er Sunnhordlandsrådet interkommunalt politisk råd (Sunnhordlandsrådet IPR).

Sunnhordlandsrådet IPR er eit eige rettssubjekt.

Selskapet vert regulert etter lov av 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner, kapittel 18 (kommuneloven) og denne avtalen.

§ 2. Føremål

Sunnhordlandsrådet IPR skal vera regionråd for eigarkommunane.

Regionrådet skal:

- Vere ein felles arena for drøfting av dei regionale oppgåvene regionen skal ha fokus på.
- Ivareta oppgåver knytt til regional utvikling når det gjeld samhandling mellom kommunane og iverksetjing av felles tiltak.
- Innstille på felles løysingar til kommunestyra når det er behov for samordna løysingar i regionen.
- Ha fokus på utvikling av næringslivet i regionen, samferdsel/infrastruktur innad regionen samt inn til regionen, og tenester/oppgåver som det er naturleg at heile regionen arbeider samla med.
- Vedta bruk av regionrådets budsjett etter retningslinjene som kommunestyra har vedtatt.

§ 3. Deltakarar

Medlemskommunane i Sunnhordlandsrådet IPR er Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes kommunar med lik eigardel 1/8.
Dette er dei same eigarane som for Region Sunnhordland IKS.

I regionrådet deltek normalt ordførarane.

§ 4. Representantskapet og leiing

Representantskapet er det øvste organet i Sunnhordlandsrådet IPR.

Vedtatt samarbeidsavtale i representantskapsmøte 29. september 2023

Samlede deltagarar i Sunnhordlandsrådet IPR skal vera representert med eitt medlem og to varamedlem i representantskapet, jf. kommuneloven § 18-3.

Representantskapet skal veljast etter kommunelova § 18-3 og dei føresegne som er angitt i selskapsavtalen for Region Sunnhordland IKS.

Representantskapet vel leiar og nestleiar på møtet i november/desember i valåret. Vala er for to år og skal rullere mellom medlemskommunane.

§ 5. Sekretariat

Region Sunnhordland IKS skal vere sekretariat for Sunnhordlandsrådet IPR og for arbeidsutvalet til Sunnhordlandsrådet IPR.

Sekretariatet skal blant anna ivareta dagleg drift og administrativ koordinering. Det vert vist til føresegne i selskapsavtalen for Region Sunnhordland IKS.

§ 6. Saksbehandling

Representantskapet vel eit arbeidsutval som skal førebu møte og saker for Sunnhordlandsrådet IPR.

Arbeidsutvalet skal bestå av leiar, nestleiar og en tredje ordførar.

Arbeidsutvalet kan gjere vedtak i saker kor regionrådet har eit avklart standpunkt, og som ikkje kan vente til Sunnhordlandsrådet IPR har ordinært møte. Til dømes i høyringssaker. Ordførarane skal informerast i forkant.

Sunnhordlandsrådet IPR tar sikte på 4 - 6 årlege møter, men avgjer sjølv kor mange møter som vert gjennomført årleg og kva saker som ønskes satt på dagsorden.

Møta i Sunnhordlandsrådet IPR følger bestemmelsene i kommunelovens bestemmelser om møteoffentlighet.

§ 7. Økonomi

Sunnhordlandsrådet IPR blir finansiert gjennom årlege bidrag frå alle medlemskommunane.

Sunnhordlandsrådet IPR sitt årlege budsjett vil bestå av 25% av den årlege totalsummen som medlemskommunane betaler inn til Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR.

Sunnhordlandsrådet IPR har råderett over regionrådet sitt budsjett, etter dei retningslinjer som kommunestyra har vedtatt.

§ 8. Utmelding av Sunnhordlandsrådet IPR

Det enkelte medlem kan med eit års skriftleg varsel sei opp si deltaking i Sunnhordlandsrådet IPR.

Det er kommunestyre for kvart medlem som fattar vedtak om utmelding.

Utmelding av Sunnhordlandsrådet IPR fører samtidig med seg utmelding i Region Sunnhordland IKS. Medlem må sei opp si deltaking i Region Sunnhordland IKS etter føresegne i selskapsavtalen for Region Sunnhordland IKS.

§ 9. Avvikling av Sunnhordlandsrådet IPR

Sunnhordlandsrådet IPR kan avviklast etter vedtak i alle kommunestyra , jf. §18-4 tredje og fjerde ledd.

Det er deltakarane sitt kommunestyre som vedtek endeleg avvikling.

Forslag om avvikling må varslast representantskapet minst 6 månader før møte i representantskapet.

Ved avvikling har Stord kommune ansvar for oppbevaring av Sunnhordlandsrådet IPR sine arkiv.

§ 10. Endringar i avtalen

Representantskapet kan vedta endringar i denne avtalen. Vedtaket må vere einstemmig. Endringar som gjeld forhold nemnt i kommunelova § 18-4 fjerde ledd må vedtakast av alle kommunestyra.